

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 22.01.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**
ARKIVSAK: 2020/25
STYRESAK: 008/20
STYREMØTE: 05.02.2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
14.11.19	Grimstadutvalgets utgreiing Studieplassar i medisin i Noreg Utgreiinga rører viktige spørsmål knytt til dimensjonering av medisinutdanning i Noreg. Tilrådingane til utvalet råker mange aktørar både i universitets- og høgskulesektoren og i helse- og omsorgssektoren. Difor ynskjer forskings- og utdanningsministeren innspel frå universitets- og høgskulesektoren, helse- og omsorgstenestene og brukarorganisasjonane.	15.02.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a Saka kjem i styremøte 5. februar
19.11.19	Endring i føreskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag om endring i Føreskrift 19. oktober 2018 nr. 1584 om helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta i kommunen. Departementet føreslår å inkludera Føreskrifta § 1 om føremål at "Føreskrifta også skal yta hjelp til at helsestasjons- og skulehelsetenesta kan gje naudsynt	20.02.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
	behandling og oppfølging for lettare psykiske og somatiske tilhøve". Departementet vil tydeliggjera at kommunen kan velja å gje behandling og oppfølging for lettare psykiske og somatiske høve i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Dette er også ei tydeliggjering av at denne tenesta allereie nå yt enklare ettersyn/kartleggingar og behandling på en rekkje områder, blant anna for problemstillingar innan psykisk- og seksuell helse.		
27.11.19	Utkast til nasjonal fagleg retningslinje for helsehjelp til personar med kjønnsinkongruens Helsedirektoratet er kjent med usemje om kven som kan og bør utføra utredning og behandling, samt kva utgreiing og behandling bør romma. Direktoratet ber om konkrete forslag basert på erfaringsbasert kunnskap hjå instansane.	28.02.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
29.11.19.	Forslag til endring i folketrygdlova kapittel 5 og 22 og forslag til forskrift om direkte oppgjør m.m.	05.02.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
06.12.2019	Forslag til gjennomføring av forordning (EU) nr. 2019/933 i patentlova Forordninga, som førebels ikkje er innlemma i EØS-avtalen, innfører eit unntak frå vernet etter supplerande vernesertifikat for legemiddel for produksjon for eksport til tredjeland. Forordninga vil innebera at det blir mogleg for produsentar av generiske og biotilsvarande legemiddel å produsera slike legemiddel i EU/EØS-området i vernetida for eit supplerande vernesertifikat, innanfor rammene forordninga set. Dette kan letta moglegheita for produsentar av generiske og biotilsvarande legemiddel til å konkurrera på marknader i tredjeland, og kunne koma raskt på marknaden i EU/EØS-området etter at sertifikat går ut.	06.03.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
18.12.2019	Inntektsfordeling mellom regionale helseforetak – NOU 2019:24 Eit offentlig utval, leia av professor Jon Magnussen, leverte 16. desember 2019 ei utgreiing med forslag til ny modell for fordeling av inntekt mellom dei regionale helseforetaka. Helse- og omsorgsdepartementet sender nå utgreiinga på høyring.	17.03.2020	HF-a sender egne høyringssvar Vi sender vårt høyringssvar til HF-a til gjennomsyn
19.12.2019	Frå straff til hjelp Helse- og omsorgsdepartementet sender innstillinga frå rusreformutvalet NOU 2019:26 – Frå straff til hjelp på høyring.	02.04.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
15.01.2020	Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta Etter regelverket som gjeld i dag, skal pasient som blir tilvist spesialisthelsetenesta få informasjon innan 10 dagar etter at tilvisinga er motteke, om han eller ho har rett til naudsynt helsehjelp. Dersom pasienten har slik rett, skal det samstundes blir informert om tidspunkt for utgreiing eller kor tid behandling skal setjast i gang. Dette skiljet mellom juridisk frist til utgreiing og juridisk frist til behandling har vore vanskeleg å forstå og praktisera, og gjev ikkje alltid pasientane eit betre pasientforløp. I høyringsnotatet blir det føreslått å oppheva skiljet mellom juridisk frist til utgreiing og behandling, slik at den juridiske fristen i staden blir knytt til første oppmøte i spesialisthelsetenesta. Dette blir gjort gjennom ei endring i pasient- og brukarrettslova § 2-2.	15.04.2020	
17.01.2020	Endring i helsepersonellova § 34 og ny § 34 a – Melding ved helsesvekking av omsyn for trafikktryggleik	20.04.2020	

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
	Departementet føreslår ei ny avgjerd som skal sikra at legar, psykologar og optikarar har tilgang til å melde frå til offentlege styresmakter ved visse helsesvekkingar som kan vera til fare for trafikktryggleiken.		